



Øyvind Harry Steffensen
Myravegen 39
5943 ASTRHEIM

Dykkar ref.:

Vår ref.:
21/60 - 4 / ANT

Dato:
10.02.2021

Planoppstart til Detaljregulering for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001.

Formannskapet i Austrheim kommune vedtok følgjande den 28.01.2021 i sak 021/21:

Austrheim kommune vedtek planoppstart til Detaljregulering for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001. Grunngjevinga for vedtaket er at dette området må regulerast før det kan setjast igang nye tiltak her, dette planarbeidet er og i samsvar med planstrategien for Austrheim kommune 2020-2024. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-8.

Om planområdet


Planområdet vert totalt på om lag 110 dekar. Austrheim kommune eig om lag 55 dekar av dette arealet. Vestland fylkeskommune eig omlag 6,5 dekar i planområdet her. Resten er i privat eige. Om lag 25 dekar kan regulerast som skuleområde med naudsynt infrastruktur til. Om lag 60 dekar vert saman med eksisterande bebygde bustadtomtar regulert til bustadområde, 5-10 dekar i sjø og omlag 20 dekar til friområde, mykje av dette er i strandsona som er avsett til grønnstruktur i arealdelen.

Deler av skuleområdet til Austrheim vidaregåande skule (AVS) og bustadområdet B07 er ikkje regulert i dag. Det må difor på plass ei detaljregulering her, då det kan ikkje byggjast noko nytt i dette området før ein reguleringsplan her er formelt godkjent. Eksisterande bebygd bustadområdet i B07 med omlag 30 hus vart i si tid planlagt, men denne reguleringsplanen kom ikkje formelt heilt på plass. Området B07 vert difor sett på som uplanlagt i dag i kommuneplanen, det bustadområdet skal no detaljregulerast. Totalt kan det truleg regulerast inn om lag 15-20 nye bustadeiningar her. Det er avhengig av høgde og utnyttingsgrad.

Når det gjeld Austrheim Vidaregåande skule (AVS), så er det svært viktig å få på plass ein reguleringsplan på areala i og omkring skulebygget som Vestland fylkeskommune (VF) eig. I dette området er VF både skule- og grunneigar. Fylkeskommunne kan når reguleringsplanen er godkjent då raskt koma i gang med vidare utbygging av AVS. Austrheim kommune eig elles eit større område attmed AVS på nordvestsida som er avsett til skuleføremål. Å leggja til rette for ein god og framtidsretta utvikling av AVS vil verta prioritert i reguleringsplanarbeidet. Litt av fylkesvegen ned til Mastrevik som ikkje er regulert må og regulerast no.



Flyfoto over planområdet



Planområdet er mørkegult, raudt og grønt i kommuneplanen sin arealdel

Planområdet i plankartet over er såleis vist med farge **mørkegul B09** (bustadområde), **raud T** (**skuleområdet**) og **mørkegrøn GR** (**grønstruktrur**). Tilgrensande område i sjø **V105 (Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone)** med blå farge mot strandsona vert og regulert noko ut i sjøen, dette er og ein del av planområdet. **I hovudtrekk vert areala regulert i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.** Ei detaljreguleringa skal innehalda planskildring, ROS-analyse, VA-plan, reguleringsføresegner og plankart, men og andre utgreiingar som vert krevd i planframlegget som skal til offentleg ettersyn.

Dette planområdet må planleggjast og sjåast i samanheng med to andre tidlegare godkjente regleringsplanar i området. Desse er:

-Reguleringsplan plan for Mastrevik nærings- og bustadområde gnr 142 bnr 9 mfl. Planid. 2008002.

-Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Planid. 2014005

Austrheim kommune ser ikkje at det er aktuelt å utarbeida konsekvensutgreiing eller planprogram for denne detaljreguleringa. Det er vurdert av planavdelinga i forhold til plan- og bygningslova sitt lovverk og *Forskrift om konsekvensutredninger*. Det er heller ingen vesentleg interesser eller miljøomsyn som vert råka av dette planarbeidet.

Du kan lesa meir om planarbeidet på Austrheim kommune si heimeside under

<https://www.austrheim.kommune.no/innhald/politikk-og-administrasjon/offentlege-hoyming/>

Dette planarbeidet vert lagt ut på heimesida vår denne veka. Det er fint om de les vedlagt saksutgreiing.

Tilsvarande skriv går til både offentlege instansar, lag og foreningar og partar/grunneigarar i planområdet.

Merknad til planoppstart må sendast **innan 6. april 2021** på e-post: post@austrheim.kommune.no eller på post til: Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 Austrheim.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregående skule, planid. 2021001 - Oppstart av planarbeid

Mottakere:

Amund Lerøy	Lerøyvegen 129	5943	AUSTRHEIM
Ann Iren Kjelby	Mastrevikane 32 B	5943	AUSTRHEIM
Annstein Lohne	Sondalen 68	5121	ULSET
Arne Haugland	Myravegen 11	5943	AUSTRHEIM
Dag Rune Brattaule	Mastrevikane 14	5943	AUSTRHEIM
Egil Borgvald Budal	Myravegen 21	5943	AUSTRHEIM
Even Jarle Haugland	Myravegen 15 A	5943	AUSTRHEIM
Frank Albecht	Myravegen 23	5943	AUSTRHEIM
Hans Olav Brandtun	Mastrevikane 30	5943	AUSTRHEIM
Helene Olaug Ånneland Morgado	Mastrevikane 18	5943	AUSTRHEIM
Henning Børtvædt	Straumetoppen 13	5353	STRAUME
Hilde Villanger	Myravegen 15 B	5943	AUSTRHEIM
Ingunn Anita Leikvoll Leganger	Åmundsdalen 143	5115	ULSET
	D		
Jarle Gallefoss	Mastrevikane 38	5943	AUSTRHEIM
John Øystein Sætre	Geitafjellet 3 B	5521	HAUGESUND
Judith Førde	Myravegen 31	5943	AUSTRHEIM
Karl Austrheim	Myravegen 5	5943	AUSTRHEIM
Kjell Dahle	Myravegen 19	5943	AUSTRHEIM
Kjell Ove Leikvoll	Myravegen 7	5943	AUSTRHEIM
Kåre Lervaag	Myravegen 35	5943	AUSTRHEIM
Kaare Olsen	Mstrevikane 34	5943	AUSTRHEIM
Magnus Ludvig Sætre	Myravegen 18	5943	AUSTRHEIM
Mastreviktunet AS	Myravegen 17	5943	AUSTRHEIM
Mona Viktun Haukås	Myravegen 27	5943	AUSTRHEIM
Morgan Veland Erichsen	Mastrevikane 20	5943	AUSTRHEIM
Randi Torunn Sætre	Vikane 2 A	5943	AUSTRHEIM
Rhoann Bolando Generoso	Myravegen 35	5943	AUSTRHEIM
Sissel Halfrid Johnsen Kahrs	Stasjonsvegen 26	5221	NESTTUN
	A		
Sissel Karin Nesse Bernes	Myravegen 13	5943	AUSTRHEIM
Sjøhuset AS	Myravegen 17	5943	AUSTRHEIM
Sylvia Lohne	Mastrevikane 50	5943	AUSTRHEIM
Tore Emil Sætre	Austrheimsvegen	5943	AUSTRHEIM
	883		
Toril Krossøy	Myravegen 3	5943	AUSTRHEIM
Vegard Vårbakken	Mastrevikane 22	5943	AUSTRHEIM
Vestland fylkeskommune Eigedom	Postboks 7900	5020	BERGEN
Victor Kristian Austrheim	Myravegen 16	5943	AUSTRHEIM
Wenche Myrmel	Mastrevikane 32 A	5943	AUSTRHEIM
Wilhelm Invest AS	Myravegen 15	5943	AUSTRHEIM
Øyvind Harry Steffensen	Myravegen 39	5943	AUSTRHEIM